



HJELMELAND
KOMMUNE

REGLAR FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE, GJELDANDE FOR 2024

1. DEFINISJONAR

Møte	<p>Møte med skriftleg innkalling og sakliste/saksutgreiingar som medfører arbeid til førebuing. Vidare at det vert gjort vedtak som krev protokoll.</p> <p>Med bakgrunn i nemnde definisjon av møte, vert nedanfor gitt nokre døme på kva som <u>ikkje</u> i denne samanheng vert definert som møte:</p> <ul style="list-style-type: none">▪ interne og eksterne kurs og konferansar▪ synfaringar, ekskursjonar når desse ikkje er i samband med møte▪ deltaking i kommunal representasjon, delegasjonsreise internt eller eksternt▪ reine kontrolloppgåver, forhandlingar, taksoppdrag m.v.
Møtegodt-godtgjersle	<p>Godtgjersle for politisk arbeid i tilknytning til politiske møte, jfr ovafor</p>
Tapt arb. fortjeneste	<p>Det økonomiske tap eit medlem har grunna deltaking i politisk verksemd, t.d. møte eller andre oppdrag, t.d. reine sekretæroppgåver knytta til arbeidet i vedkomande utval.</p> <p>Erstatning for slikt tap skal utbetalast for den tida medlemmet er borte frå ordinært arbeid etter fastsette reglar.</p> <p>Godtgjersle for den arbeidstida som går med, vert i prinsippet godtgjort ved erstatning for tapt arbeidsfortjeneste. Godtgjersle for arbeidet vert m.a.o. verdsett likt den arbeidsfortjeneste ein har i sitt «sivile» liv, som vert utbetalt som tapt arbeidsfortjeneste, om slikt tap førefins.</p>
Sjølvstendig nærings drivande	<p>Alle næringsdrivande av omfang som etter lov av 19. juni 2009 (lov om meirverdiavgift) har registreringsplikt og -rett.</p> <p>Personar med omsorgsansvar.</p> <p>Heiltidsstudentar</p>
Personar med omsorgsansvar	<p>Personar med omsorgsansvar for mindreårige (u 16 år) eller for sjuke/uføre som ikkje kan klara seg sjølv.</p>

Deltidstiltilsette	Personar som har mindre enn 100% stilling som lønsmottakar.
Ulegitimert tap	Fastsett sats av kommunestyret.
Legitimert tap	Trekkerklæring frå arbeidsgjevar v/utskrift av lønsavrekning, evt. dokumentert timesats.
Leigd hjelp	Dokumenterte utgifter for legehjelp ved fråvær grunna politisk arbeid. Dokumentasjon er kvittering for mottatt løn/ godtgjersle.
Ordførar-godtgjersle	Ordførar si godtgjersle basert på 100% stilling
Ordinær arbeidsinntekt	Løn, samt tillegg for ubekvem arbeidstid m.v. og feriepengar.
Medlemer	Deltakar i møte med alle rettar og plikter i medhald av kommunelova eller særlover.
Frikjøp	Etablering av ordinært lønsforhold (godtgjersle) etter tilsvarande prinsipp som for ordførar. Godtgjersla skal utgjera samla vederlag for politisk arbeid etter omfang fastsett særskilt (ref pkt 6).

2. GODTGJERSLE

a. Faste godtgjersler

Ordførar

Ordførar si godtgjersle er basert på 100 % stilling, jfr. pkt. 1.

Ordførargodtgjersla vert regulert kvart år pr 01.01. i budsjettåret og vert fastsett til 95% av gjeldande løn til stortingsrepresentantane ved årsskiftet/ pr 31.12., før budsjettåret.

Godtgjersla for 2024 er etter dette fastsett til kr. 1 051 831,-.

Godtgjersla vert fastsett som samla kompensasjon for alt politisk arbeid som vervet medfører, og skal også dekkja tapte arbeidsforteneste.

Ordførar i meir enn 50% stilling har rett til pensjonsmedlemskap på linje med tilsette i kommunen.

Folkevalde

Valde medlemmer til kommunestyret, formannskap og ulike utval får godtgjort etter følgjande satsar (%-del av ordførarløn):

- Medlem kommunestyret 2 %
- Formannskapet 5 %
- Areal- og Forvaltningsutvalet 5 %
- Kontrollutval 2 %

Andre leiarverv

Følgjande får fast godtgjersle for leiarverv som %-del av ordførargodtgjersla pr. 01.01 i budsjettåret:

- varaordførar 10 %
- leiar i areal- og forvaltningsutvalet 7 %
- leiar i kontrollutvalet 4 %
- gruppeleiarar 2 %

b. Møtegodtgjersle vararepresentantar

Møtande varamedlemmer i kommunestyret, formannskap, areal- og forvaltningsutval og kontrollutval skal utbetalast møtegodtgjersle pr. møte med satsar som fastsett nedanfor, etter ein høgare eller lågare sats:

Høgare sats:

For deltaking i møte i kommunestyret, formannskapet, areal- og forvaltningsutvalet og kontrollutvalet: kr. 3.100,- pr. møte

For leiaroppgåver når leiar har forfall: kr. 2.300,- pr. møte (gjeld AFU og kontrollutvalet).

Varamedlemer som møter i enkeltsaker/ deler av eit møte, får utbetalt møtegodtgjersle med kr. 500,-.

Dei tilsette sine representantar i administrasjonsutvalet får utbetalt møtegodtgjersle kr. 890,- pr. møte.

Lågare sats:

Medlemer og møtande varamedlemer i alle andre styre, råd og utval som har rett til møtegodtgjersle.

Medlemer: kr. 580,- pr. møte
Leiar: kr. 1 165,- pr. møte

Varamedlemer som møter i enkeltsaker/ deler av eit møte, får utbetalt møtegodtgjersle med kr. 240,-.

- c. For organ som ifølgje lov eller kommunalt vedtak er tillagt ulike funksjonar, og/eller dersom same saksdokument vert behandla i to møte same dagen, vert det ikkje ytt «dobbel» møtegodtgjersle.
- d. Medlemer som i medhald av særlov skal ha godtgjersle, får dette etter dei satsar som er fastsett for vedkomande organ.
- e. Unntak frå reglane om utbetaling av møtegodtgjersle.
Møtegodtgjersle skal ikkje utbetalast:
 - til medlemer som får fastsett godtgjersle i medhald av særlov, jf pkt c
 - til kommunale tenestemenn, med mindre vedkomande møter som vald medlem.

3. GODTGJERSLE FOR TAPT ARBEIDSFORTENESTE

Godtgjersla for tapt arbeidsforteneste kan ytast i tillegg til godtgjersle etter pkt 2 (med unntak for ordførargodtgjersla, jfr pkt 2, a og for frikjøpte politikarar, jfr pkt 5).

Satsane under pkt 3.1 og 3.2 vert regulerte kvart år ved behandling av reglement i budsjettsamaneng, tilsvarande %-vis regulering av ordførargjodtgjersla pr 01.01 i budsjettåret.

3.1 Legitimert:

Ytinga skal vera erstatning for reelt tap i arbeidsinntekt. Tap i arbeidsinntekta skal dokumenterast, jf pkt 1.

Godtgjersle for legitimert tapt arbeidsforteneste vert utbetalt med inntil kr. 485,- pr. time, maks kr. 3 880,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert

- a. For sjølvstendig næringsdrivande, jf pkt 1, kan det ytast godtgjersle for ulegitimert tapt arbeidsforteneste. Slik godtgjersle kan berre utbetalast for møte som er lagt i tidsrommet mellom kl 07.00 - 18.30.
- b. For møte utanom nemnde tidsrom, kan det berre utbetalast godtgjersle for legitimert tapt arbeidsforteneste.
- c. Erstatning vert gitt med kr. 450,- pr. time, maks kr. 3 880,- pr. dag.
- d. Erstatning for ulegitimert inntektstap kan ikkje setjast fram av personar som er tilsett i full stilling som lønsmottakar. For desse må inntektstap, ordinært og/eller sannsynleggjort tap av ekstraordinære inntekter, utgifter til nødvendig vikar o.l., i staden dokumenterast og dekkast gjennom reglane om dette, jfr pkt 3.1 og pkt 4.

For personar i deltidstilling som lønsmottakar, må det kunne sannsynleggjerast/ dokumenterast at den tida det vert kravd ulegitimert tap i arbeidsinntekt for, fell utanom vedk si arbeidstid som lønsmottakar.

- e. Folkevalde som har rett til erstatning for tap i arbeidsinntekt etter dokumentasjon frå arbeidsgjevar, jfr pkt 3.1, kan likevel i staden krevje erstatning for ulegitimert tap, når dette er praktisk og/eller samla er meir hensiktsmessig.

4. ERSTATNING FOR PERSONAR MED OMSORGSANSVAR M.V:

Folkevalde som må nytte stedfortredar til omsorgsarbeid når dei utfører offentlege verv, får dekkast dette etter dokumentasjon med

- inntil kr. 260,- pr. time, maks kr. 2 070,- pr. dag.

Slik erstatning vert i tilfelle utbetalt i staden for ulegitimert tap etter pkt 3.2.

Ulegitimerte utgifter til barnepass vert gitt med kr 165,- pr time.

5. FRITID I SAMBAND MED TURNUSARBEID

For personar som går i fast oppsett turnusplan, kan det i samband med dagmøte i formannskap, areal- og forvaltningsutvalet og kontrollutvalet gis fri med løn for nødvendig kviletid før og/eller etter møte, etter slike tidsrammer:

- kviletid/fritid skal vera på min. 8 timar før møte/etter gått av turnusvakt, og tilsv. 8 timar i etterkant av møte og fram til turnusvakt tar til.

Det skal vektleggjast å finne praktiske ordningar for turnusoppsett som gjer dette mogleg. Dersom fast turnusoppsett gjer det uråd å dele vakt, t.d. begynne/slutt turnusvakt på avvikande tidspunkt, kan det gis fri for heile turnusvakter når dette er nødvendig for å oppfylle turnusordningar, t.d. ved vikarbruk.

Gruppemøte skal gi rett til fri.

6. REISE-, KOST- GODTGJERSLE

For reise- og kostgodtgjersle gjeld satsane i statens reiseregulativ.

Leigeskysst vert godtgjort etter rekning etter godkjenning av ordføraren.

Det vert utbetalt reisegodtgjersle i samband med politiske gruppemøte for kommunestyremøte, formannskapsmøte og møte i areal- og forvaltningsutvalet til medlemmer, første og andre varamedlem og partipolitisk leiar og nestleiar.

7. VED SJUKDOM

Sjukmelding reknast som gyldig forfall og skal ikkje medføre trekk i den faste godtgjersla. Dersom ordførar vert sjukmeldt har han/ho rett på full betaling i sjukmeldingsperioden.

8. ETTERLØN TIL ORDFØRAR

Ordførar som etter kommunestyrevalet ikkje forsett i vervet, får etterløn i 1,5 månader utover valperioden sjølv om vedkommande går over i løna arbeid eller mottar pensjon.

Den som ikkje har løns-/næringsinntekt eller pensjon, får godtgjersle som ordførar i inntil tre månader ut over valperioden, når funksjonstida har vore ein kommunestyreperiode.

9. REGULERING

Alle godtgjersler og satsar i "Reglar for godtgjersle folkevalde" vert fastsett pr 01.01. i budsjettåret, og står uendra i heile budsjettåret.

Godtgjersle og satsar skal kvart år takast opp til vurdering i samband med budsjettbehandlinga.

10. UNNTAK

Ordføraren kan gjere unntak frå desse reglane i særlege høve, og tek avgjerd om tolking av desse reglane.
